

Til Alver kommune

Avdeling for byggjesak

Frå Alver kommune

Eigedomsforvaltning, avdeling for bygg, areal og grønt

24.11.2021

### **Søknad dispensasjon områdeplan Lonelva-Juvikvarden, uteområde Knarvik ungdomsskule**

Alver kommune eining for eigedomsforvaltning, søker dispensasjon frå krav om detaljregulering i områdeplan for Lonelva-Juvikvarden for eigedomane gnr 185, bnr 143 og 148. Føremålet med dispensasjonen er å kunna tilretteleggja utvida uteområde for Knarvik ungdomsskule.

#### **Bakgrunn for søknaden**

Knarvik ungdomsskule sitt uteareal har i mange år vore for lite, og har i tillegg for lite varierte aktivitetar for elevane. Skulen slit difor med å oppfylle krava til godkjenning frå miljøretta helsevern. Covid-19 epidemien med behov for å dela elevane i kohortar, har ytterlegare synleggjort utfordringane. Kommunestyret har difor sett av midlar til å starta oppgradering av uteområdet. Det er gjennomført vurderingar av behov og moglege løysingar. Konklusjonen er at ein på sikt ønskjer å rusta opp områda på fleire sider av skulen, men at det primære ønsket er å ta i bruk skogholtet mellom skulen og rådhuset.

#### **Kva ønskjer tiltakshavar å byggja**

Tiltakshavarar ønskjer å etablere enkle grusstiar i skogsområdet sør for skulen, og med ein samleplass med gapahuk, benkar med meir. Grusstiane vert laga utan større inngrep, ved å leggja ut duk og fylla på grus. Alle tiltak i skogen vil vera reversible. Vidare skal det etablerast to område med aktivitetar i randsona mellom skogen og dagens skuleplass. Desse områda vil ha universell tilkomst. Her ønskjer søkjar og å etablere to stykk nye lysmaster.

Frå skulen sitt søraustre hjørne er det planlagt å etablere universelt utforma gangsti mot Nordhordlandshallen.

Siste del av det som er tenkt som eit første trinn i utvikling av skuleområdet, er å etablere eit mindre bygg for avfallshandtering ved oppkjørsla på vestsida. Å flytta dagens avfallshandtering opnar for å flytta porten og på den måten sikra at sjølve skulegarden er bilfri.

#### **Kva konkrete reglar søker tiltakshavar dispensasjon frå**

Alver kommune søker dispensasjon frå bestemmelse i områdeplanen §2 som stiller krav om detaljreguleringsplan for områda T4 og T13.

Tiltakshavar meiner dei planlagte tiltaka ikkje utløyser behov for detaljeregulering, då det er snakk om enkle og reversible tiltak som uansett må vika dersom ei større utbygging på arealet vert aktuelt. Bestemmelsen må etter tiltakshavar sitt syn tolkast å gjelda dersom det skal byggjast ut større bygningar eller anlegg på dei to områda.

Vidare søker kommunen dispensasjon frå punkt 2.1.3 i bestemmelsar i områdeplanen der det er krav om VA rammeplan for kvart delområde som viser vassforsyning, overvasshandtering og brannsløkking;

Tiltakshavar viser til at det ikkje er behov for vassforsyning til dei planlagte tiltaka. Vidare at dei planlagte tiltaka ikkje medfører endringar som utløyser endra behov for handtering av overflatevatn eller krav til brannsløkking.

T4 er sett av til undervisning. Tiltakshavar meiner utnytting av dette området som uteområde for Knarvik ungdomsskule er i tråd med føremålet.

T13 er i følge bestemmelsane sett av til kombinerte bygg og anlegg innan offentleg tenesteyting. Undervisning er nemnt som eit av fleire aktuelt tiltak for T13. Tiltakshavar meiner såleis at den føreslegne bruken er i tråd med føremålet.

Skogsområdet har i mange år lagt unytta. Dei planlagde tiltaka vil løysa nokre av skulen sine største utfordringar når det gjeldt uteområde, og samstundes gjera området attraktivt for bruk for alle innbyggjarar på kveld og helg. Tiltakshavar meiner difor at fordelane med ein dispensasjon opphevar eventuelle ulemper.

Så lengte alle tiltak er enkle og reversible, kan vi heller ikkje sjå at tiltaka her vil setta til sides områdeplanen sine bestemmelsar når det gjeldt framtidig utbygging av området.

Øvrige tiltak handlar primært om å forbetra kvaliteten, og skapa universell tilrettelegging på område som allereie inngår i skulen sitt uteområde. Her kan vi ikkje sjå at planane medfører vesentlege endringar ut over det planen allereie opnar for.

Nabovarsel er sendt til eigar av 185/66 Vestland fylkeskommune PB 7900, 5020 Bergen

Mvh Alver kommune, eigedomsforvaltning



Atle Vaage

Vedlegg:

Gjenpart av nabovarsel.

Situasjonsplan for planlagt utnytting av skogsområdet.

Situasjonsplan planlagt opparbeiding universelt utforma gangsti mellom skulen og Nordhordlandshallen.